



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Åse Elin Myking		22/1349

KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL - VEDTAK AV PLANPROGRAM

Vedlagte saksdokument:

Vurdering av merknader til planprogram
Revidert planprogram

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §11-13 vedtar Vaksdal kommunestyre planprogram for kommuneplanens samfunnsdel.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Vaksdal kommune starta i 2022 arbeid med ny kommuneplan, samfunnsdel, for 2023-2035. Planprogrammet har vore på høyring i seks veker og vert no lagt fram til godkjenning i kommunestyret.

Bakgrunn for saka

Planutval vedtok i sak 191/22 den 29.11.22 oppstart av planarbeidet og høyring av planprogrammet til kommuneplanens samfunnsdel. Planprogrammet inneheld bakgrunn og målsetting for planarbeidet og informasjon om organisering, medverknad og framdrift.

Utkast til planprogram har vore på høyring/offentleg ettersyn i seks veker. Det har kome 13 høyringsuttalar. Merknadsskjema med kommentarar og behandling ligg ved.

Ein del av merknadane er knytt til kommuneplanens arealdel som ikkje er til revidering i denne omgang. Merknader som er relevante for kommuneplanen samfunnsdel, og som ikkje inngår i utkastet, er tatt inn i justert planprogram. Planprogrammet er justert slik det går fram av merknadsskjema.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova
Vedtatt planstrategi

Vurdering og konsekvensar.

Kommunedirektøren viser til kommentarer i vedlagt merknadsskjema og rår til at justert planprogram vert godkjent.